



Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår dato:	09.04.2021	Vår ref:	2021/475
Dykkar dato:	03.03.2021	Dykkar ref:	20/6805

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Sunnfjord kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Sunnfjord kommunestyre har i møtet 18.06.2020, sak 52/20, handsama og vedteke økonomiplan for 2021 – 2024 og i møtet 10.12.2020, sak 123/20, vedteke budsjettet for 2021. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Sunnfjord kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettet med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Første driftsåret har vist ein utfordrande økonomi for Sunnfjord kommune. Fleire tiltak for reduserte utgifter eller auka inntekter er nødvendig å gjennomføre frå 2021. Dette er det òg tydeleg peika på i budsjettdokumenta. Kommunen har etter sentrale nøkkeltal, som òg er nytta som måltal og handlingsreglar, eit moderat økonomisk handlingsrom. For å styrke handlingsrommet, er det viktig at handlingsregelen om gradvis å redusere lånegjelda samanlikna med driftsinntektene, blir oppretthalden. På sikt vil òg dette gje moglegheiter til avsetjingar til disposisjonsfond, og styrke kommunen sin bufferkapital. Kommunen vil då betre handtere midlertidige svingingar i økonomien og over tid oppretthalde eit stabilt og godt tenestetilbod.



Budsjett 2021

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 23,2 mill. kroner, som utgjer 1,2 prosent av driftsinntektene. Etter at det er avsett 1,6 mill. kroner til bundne driftsfond, er det overført 24,8 mill. kroner til investeringsbudsjettet. Det er for kommunekassa ikkje budsjettet med bruk eller avsetjing til disposisjonsfond, og etter budsjettet blir fondet på 96,4 mill. kroner eller 4,9 prosent av driftsinntektene ved utgangen av 2021. Etter førebels rekneskap for 2020 har kommunen ein fri eigenkapital i drift (disp.fond – meirforbruk) på 4,6 prosent av driftsinntektene¹. Tilsvarande tal for alle kommunar i landet (eks. Oslo) er 11,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettet med 1,430 mrd. kroner. I dette beløpet ligg 19 mill. kroner i kompensasjon for ekstra utgifter til koronapandemien og forventa ekstra skjønnsmidlar med 6,2 mill. kroner. Det siste er som kompensasjon for lågare inntektsutjamning etter kommunesamanslåinga. Ekstra løyving til koronapandemien er lagt inn med 19 mill. kroner i driftsbudsjettet. Prognosene til KS etter vedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2021, er på 1,421 mrd. kroner, inkludert 21,1 mill. kroner til koronapandemien.

Sunnfjord harmoniserte eigedomsskatten i ny kommune frå i 2020. For 2021 er det budsjettet med 78,3 mill. kroner i eigedomsskatt, som er ein auke på 4,8 mill. kroner samanlikna med innkomsten skatt i 2020 etter førebels rekneskap.

Integreringstilskot for flyktninger er budsjettet med 42 mill. kroner etter busetjing av 32 personar. Busetjing av flyktninger er påverka av koronapandemien, og tilskotet for 2020 vart vesentleg lågare enn forventa. Om pandemien påverkar busetjinga vidare i 2021, vil tilskotet til kommunen bli redusert ytterlegare.

Ubytte frå eigarskap i selskap er budsjettet med 25,5 mill. kroner. Dette er ein auke på 7 mill. frå 2020. Avdrag er budsjettet etter reglane om minimumsavdrag, med 96,5 mill. kroner. Gevinst på finansielle omløpsmidlar er budsjettet med 7,5 mill. kroner, og går inn i drifta.

Samanlikna med revidert budsjett for 2020 er sum netto driftsramme for administrasjon og tenesteområda reelt redusert med innsparingstiltak og nye tiltak med om lag 10 mill. kroner, til ei driftsramme på 1,435 mrd. kroner.

Kommunen har budsjettet med investeringar i anleggsmidlar for til saman 174,3 mill. kroner. Dette skal finansierast med 95 mill. i nye lån, overføring frå drift 20,3 mill. kroner, kompensasjon meirverdiavgift 23,5 mill., tilskot 2,5 mill. og sal av eigedom 33 mill., kroner.

Førebelse Kostra-tal for 2020 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 2,6 mrd. kroner, som utgjer 124,7 prosent av driftsinntektene². Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 117,2 prosent.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

¹ og ² Kostra-konserntal, førebelse 2020 (inkl. kommunale føretak, IKS og interkommunale samarbeid)



Samanlikna med 2021-budsjettet er sum driftsinntekter auka med 1,7 prosent fram til 2024, medan driftsutgiftene ligg på same nivå i heile perioden. Innanfor dette ligg det ein reduksjon i netto løyvingar til drifta (administrasjon og tenesteområde) med 30 mill. kroner. Netto finansutgifter er lagt inn med ein auke frå 94,5 mill. i 2021, til 98,3 mill. kroner i 2024. Etter dette er netto driftsresultat i prosent budjettert til 1,9 prosent i 2022, og opp til 2,3 prosent i 2024. Resultatet i kroner, mellom 38,4 og 45,9 mill. kroner, er kvart år overført til investeringsbudsjettet.

I heile økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det planlagt investeringar i anleggsmidlar for 863 mill. kroner. Av investeringane skal 480 mill. bli finansierte med nye lån og 133 mill. kroner ved overføringer frå drifta. Resten er finansiert gjennom momskompensasjon, tilskot og sal av varige driftsmidlar. Avdrag er budjettert med 380 mill. kroner for heile perioden.

Langsiktig brutto lånegjeld for kommunekassa er ved utgangen av 2024 berekna til 2,7 mrd. kroner, som vil utgjere om lag 130 prosent av brutto driftsinntekter.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Sunnfjord kommunestyre har vedteke å fastsetje følgjande finansielle måltal/handlingsreglar:

- langsigkt netto lånegjeld³ av brutto driftsinntekter : 100 prosent
- netto driftsresultat av brutto driftsinntekter : 1,75 prosent
- disposisjonsfond av brutto driftsinntekter : 5,8 prosent

I budsjettet for 2021 og økonomiplanen 2021-2024 er måltala berekna ut etter kommunestyret sine vedtak:

	2021	2022	2023	2024
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	101,1	100,8	105,1	106,9
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,2	1,9	2	2,3
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	4,9	4,9	4,9	4,8

Netto lånegjeld etter førebelse Kostra-tal 2020 er for Sunnfjord 97,5 prosent, gjennomsnitt for landet (utan Oslo) 94,7 prosent.

Handlingsregelen for lånegjeld seier at nye låneopptak (utanom Husbanklån) ikkje skal overstige utgifter til avdrag. Vekst i driftsinntekter vil då medføre at netto lånegjeld i prosent vil bli lågare over tid. Gjeldsgraden til kommunen aukar likevel i 2023. Dette har samanheng med det planlagde kjøpet av Hafstad vidaregåande skule, ei investering budjettert til 100 mill. kroner. Investeringa er ekstraordinær, men går utover det handlingsregelen gjev rom for.

Statsforvaltaren sine vurderinger

Første driftsåret har vist ein utfordrande økonomi for Sunnfjord kommune. Fleire tiltak for reduserte utgifter/auka inntekter er nødvendig å gjennomføre frå 2021. Dette har òg samanheng med at det etter kommunesamanslåinga må skje gevinstrealiseringar etter ei prioritering på utvalde område. Vurdert etter ei gradering om lite, moderat eller større grad av økonomisk handlingsrom ut frå resultat og måltal og handlingsreglar, har kommunen eit moderat økonomisk handlingsrom. For å styrke handlingsrommet, er

³ Brutto lånegjeld ekskl. pensjonsforpliktingar med fråtrekk av totale utlån (formidlingslån) og ubrukte lånemidlar



det viktig at handlingsregelen om gradvis å redusere lånegjelda samanlikna med driftsinntektene blir gjennomført i planlegging og styring av kommunen. På sikt vil òg dette gje moglegheiter til avsetjingar til disposisjonsfond og styrke kommunen sin bufferkapital. Kommunen vil då betre handtere midlertidige svingingar i økonomien og over tid oppretthalde eit stabilt og godt tenestetilbod til innbyggjarane.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Vestland Revisjon, Hafstadvegen 42, 6800 Førde